

Årsmelding badmintongruppa i Dale IL 2012

Dale, mars 2013

Trening/treningstider

Vi har hatt trening kl. 20.00-22.00 i 2/3 av hallen måndag og onsdag. Bjarte og Hilde har veksla på å vere ansvarleg. Vi har teke imot nye, og lånt ut rackert og baller i starten.

Som vanleg har det stort sett vore fritt spel på treningane, altså ikkje organisert instruksjon fram mot lagspel eller andre konkurransar.

I 2012 har fleire medlemmar vore med på å instruere meir uerfarne spelarar, utan at dette har vore fast organisert.

Sidan vi berre har 4 baner tilgjengelig har vi ikkje kapasitet til å bli stort fleire.

Deltaking

Vi hadde bra deltaking på treningane i januar og februar 2012. Utover våren vart det færre og færre, noko som er vanleg. Vi heldt likevel fram til skuleslutt i juni.

Vi har hatt svært bra frammøte hausten 2013, dvs. ca. 15 personar på kvar trening. I tillegg har UWC komme med ca 10 stk. på onsdagane. Vi har dermed vore opptil 25 stk. Heldigvis har UWC komme med sine deltakarar klokka 21.00, medan mange av dei andre spelarane har gitt seg etter å ha trena frå klokka 20.00-21.00. Det gjeld spesielt dei nye 12-åringane.

Det har vore positivt at alle spelar mot alle. Det gjelder både alder og om det er lokale folk eller UWC-elevar. Ein annan positiv ting i 2012 er at vi har hatt ein bra kontinuitet blant deltakarane, noko som har auka kvaliteten på spelet. Tidlegare har vi hatt mange skuleungdommar som har reist etter skuletida på Dale vgs. No er vi ein fast gjeng med vaksne spelarar, samt fleire ungdommar. Det har også komme nokre yngre medlemmar saman med ein del foreldre.

Ungdom som har spela i fleire år har no begynt å spele mot dei vaksne, noko som har bidrege til eit godt miljø.

Førebels er badmintontreninga mest av alt eit lågterskeltilbod, noko som vi meiner er viktig for folkehelsa, spesielt for dei som ikkje driver med annan aktivitet/trening. Ei utfordring er at vi ikkje har hatt noko tilbod til dei som ønskjer å satse på konkurransar. Ei anna utfordring blir å ta seg av dei aller yngste.

Styrearbeid

Ingen har delteke på kurs, turnering, serie eller representert badmintongruppa ved andre høve. Våren 2013 håpar vi å få med nokon i eit klubbstyre og på organisering av trening. På sikt kan vi då få høve til å delta på turneringar og gi et tilbod til de som ønskjer å bli betre som spiller/trener.

Referent

Bjarte Fossen og Hilde Genberg